

## Til Alver kommune

### Gjeld sak om konsesjon på 219/1 og tilleggsgjord 219/2

Eigarane av 219/7, 219/8, 219/10, 219/11 og 219/17 fekk informasjon frå Torgeir Andvik (219/2) på møte i jordskifteretten 11.10.22 om at han overtar innmark og utmark frå 219/1 frå 01.03.23.

Me kjenner til at Søren Hellingsøe (219/1) ønskjer å skapa arbeidsplassar i bygda vår. Dersom han ikkje får konsesjon, vil banken kunne tiltre eigdommen som er på tvangssalg.

Ved å gå gjennom saksdokument i utval for areal, plan og miljø, har me funne fleire feil og manglar. Torgeir Andvik har også ved fleire høve uttalt at han har kontaktar i det politiske miljøet som vil hjelpa han til å få gjennom sine saker. Ved å lesa møtereferat frå utval for areal, plan og miljø, har me funne ut at han har ei tante (Vigdis Villanger) og kona til eit søskenbarn i utvalet. (Malin Andvik).

Utvalet for areal, plan og miljø gjorde 01.09.2021 vedtak om at Søren Hellingsøe får konsesjon på vilkår. Me vil kommentera grunngjevinga for vedtaket.

Kommunen si grunngjeving for vedtaket	Synspunkt frå grunneigarar på bruk nr. 7, 8, 10, 11, 17
<p>Eigar av eigdommen gr. 219 bnr. 2 treng meir landbruksareal både av innmarksareal og skogsareal for å styrkja drifta si på Vikanes, og gnr 219 bnr. 1 grensar heilt inntil hans bruk over ei lengre strekning på ca. 5 km</p>	<p><b>Innmark:</b> Gnr 219 bnr 1 har 0,2 dekar dyrka mark og 0,1 da innmarksbeite, viser til NIBIO sitt gardskart) som bruk nr. 2 kan overta, ein auke på 0,7 %.</p> <p>Innmarksarealet ligg i tilknytning til det kommunale vassverket i bygda, og kan henda inneheld det klausular.</p> <p><b>Skogsareal:</b> Viser til rådmannen si saksutgreiing sak 130/21 dat. 01.09.21</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vestlandske bondelag meiner at skogsarealet jamt over er tungdrive og utgiftene vil ikkje stå i forhold til inntektene.</li> <li>• Det totale skogsarealet på br. 1 er i følge NIBIO 1161 da. Ein liten del av dette er drivverdig skog, planta granskog langs ein skogsveg som langt frå held dagens standard. Mesteparten av skogen er stort sett furu og lauvtre på vanskeleg tilgjengeleg område.</li> </ul> <p>Dette vil i liten grad styrka drifta til bruk nr. 2.</p>
<p>Eigar av naboeigdommen har gjennom sitt brev av 09.08.2021 dokumentert at han ønskjer å overta landbruksarealet på gnr 219 bnr. 1, og at dette kan styrke drifta på eigdommen hans.</p>	<p>Dette vil i liten grad styrka næringsgrunnlaget til bruk nr. 2, viser til punkt 1.</p>
<p>Ei overføring av landbruksarealet på gnr 219 bnr 1 til gnr 219 bnr 2 vil skapa ein robust og berekraftig landbrukseigedom og ei driftsmessig god løysing, jf konsesjonslova sin § 1 punkt 1 og 2 samt § 9 punkt 2.</p>	<p>Bruk nr. 2 er eit "hobbybruk". Om han får overta det vesle som er igjen av innmark på campingplassen og utmarka, vil det framleis berre vere eit "hobbybruk" Grunngjevinga for dette er lokale erfaringar og konsesjonslova § 1 pkt 1 og 2 og § 9 pkt 1 – 4.</p>

<p>Ei overføring av landbruksarealet på gnr 219 bnr 1 til gnr 219 bnr 2 vil ivareta omsynet både til ei heilskapeleg skog- og utmarksforvaltning i området og ei heilskapeleg drift av kulturlandskapet, som i stor grad er attgrodd på bruk nr 1. Dette vil ivareta hensyna i konsesjonslova § 1 punkt 4 og § 9 punkt 4.</p>	<p>Rådmannen vurderer konsesjonsøkjær som skikka til å driva eigedommen, sak 130/21 01.09.21</p> <p>Mesteparten av innmarka på bruk nr. 1 er campingplass.</p> <p>Konsesjonslova § 1 og § 9: Me kan ikkje sjå at slike eigar- og bruksforhold er gagnlig for samfunnet pga. Andvik sine haldningar i brev av 09.08.21.</p>
<p>Eigar av nabobruket gnr 219 bnr 2 har husdyrdrift, og kan utnytte beiteressursene og innmarksarealet på gnr 219 bnr 1 på ein god måte, slik at husdyrhaldet på denne eigedommen vil verta styrka.</p>	<p>Eigar av bruk nr. 2 vil ikkje få auka areal til utmarksbeite ved å overta bnr 1 si utmark. Han har allereie beiterett i heile Vikamarka.</p> <p>Husdyrhaldet vil bli ubetydeleg styrka (0.3 da innmark).</p>
<p>Omsynet til busettinga i området vil vera ivaretatt dersom landbruksareala vert skild ut til eksisterande nabobruk. Dette vil styrkja ressursgrunnlaget og vil vere med på å sikre busettinga på eigedommen. Jf. Konsesjonslova sin §1 punkt 5 og § 9 punkt 1.</p>	<p>Konsesjonssøkjær vil skapa arbeidsplassar og bidra med ressursar i bygda og danna grunnlag for auka busetting, jmf. konsesjonslova §1 og § 9.</p> <p>Det er viktig at busetnaden i bygda vert styrka, ikkje berre på bruk nr. 2.</p>
<p>Eigar av naboeigedommen har konkrete planar om å setja i stand fulldyrka jord som er attgrodd på eigedommen. Denne eigaren vil også bruka utmarksbeitet aktivt, og vil driva skogen og hjortejakta. Samla sett vil dette vera ei god løysing som talar for at landbruksarealet (LNF-områda) på bnr 219 bnr 1 bør leggjast til nabobruket (bnr 2).</p>	<p>Det som er att av fulldyrka jord på bruk nr. 1 er 0,2 da og ligg over kommunen sine vassrør, sjå pkt. 1.</p> <p>Bruk nr. 2 har allereie beiterett i Vikamarka, viser til pkt. 5.</p> <p>Skogen er av liten betydning, sjå pkt 2.</p> <p>Når det gjeld hjortejakta viser me til jordskiftedom tinglyst i 1974. "All jakt innan jordskiftefeltet er urørd av saka og er sams som før". Sidan 1930-talet har eigarar av bruk nr. 1, 2, 7, 8, 10, 11 og 17 gått på hjortejakt i lag.</p>

Bruk 1 og 2 har i dag mesteparten av strandlinja. Om bruk 2 overtar areal frå bruk 1, (sak handsama 01.09.21.) vil det også omfatta omtrent heile strandlinja til gnr. 219, noko som er svært uheldig for bygda. Det vil bli ein dominerande grunneigar.

Ved Andvik sine haldningar som m.a. kjem tydeleg til uttrykk i skiv dat. 09.08.21, samt stenging ved fleire høve av kommunevegen forbi gardshuset hans, er me uroa for framtida til bygda vår.

Som me peika på innleiingsvis, inneheld saka også fleire feil og manglar.

Me ber derfor om ny handsaming av saka.

Kart over gnr. 219 desember 2022

Bruk 1 – gul

Bruk 2 – raud

Bruk 3 – orange

Bruk 8 - blå

Bruk 10 – brun


Bruk 11 – djup raud

Bruk 17 – lilla

Felles strandlinje for bruk 1 og 2 - grønt (sjå større kart som kommunen har fått)

Felles fjellutmark for bruk 1, 2, 7, 8, 10, 11, 17 - grønt

Kartet slik det blir om bruk 2 får overta det som er igjen av innmark og utmark til bruk 2



Vikanes 13.12.22

Vennleg helsing

Malvin og Borghild Toft gnr 219 bnr 7

Ingvild Vikesund Heggertveit og Jonny Heggertveit gnr 219 bnr 8

Ingebjørg Lægereid og Per Bakke gnr 219/10

Olav Urdal gnr 219 bnr 11

Rolf Mårstig gnr 219 bnr 17